

Linda Gytri: Vil at du stopper opp, lytter innover og finn din egen veg.

Trekkspel til folket

MIDT I MUSIKKEN

Linda Gytri
Trekkspelar

Den ferske plata «Audire» med Linda Gytri Trio har fått fine kritikkar.

Korleis blei trioen til, og korleis har samarbeidet påverka uttrykket ditt?

– Etter soloplatina mi «Umbra» i 2012 ynskte eg å ta musikken eit steg vidare, og tilføre nye fargar og klangar. Nokre år tidlegare var eg utvekslingsstudent ved Sibeliusakademiet i Finland, og der tok eg spiletimar hjå Timo Alakotila. Det er noko heilt eige ved måten han spelar piano på, og eg likar veldig godt lyden av trekkspel og piano saman. Så ville eg gjerne ha litt meir botn i musikken, og hadde høyrte Anders Bitustøyl i bandet til Sigrid Moldestad og i hans eige reggae-band i Bergen. Han er ein allsidig bassist, og har akkurat det uttrykket eg leita etter. Kjernen er framleis melodiane som eg har laga, medan Timo og Anders krydrar og gjev rom. Dei inspirere også meg og min måte å spele på. Samspelet går naturleg nok begge vegar, og vi har lytta oss fram til vår felles tone.

I den flotte mottakinga av «Audire» er musikken omtala som vakker og nær.



HEIME I MUSIKKEN: Linda Gytri liker samarbeid og har spelt folketonar frå mange delar av verda, men seier at det er i egne låtar ho er aller mest heime.

FOTO: ODDLEIV APNESETH

Betyr det at du har laga musikk som primært er for hjerte og sjel?

– Ja, det håpar eg verkeleg. Det høyrest kanskje svulstig ut, men for meg er det viktig å spele frå hjertet og til hjertet. Kanskje er der også nokre låtar som triggar dansefoten, men tittelen på plata kjem frå latin og betyr å lytte, og det handlar om å stoppe opp, lytte innover og finne sin egen veg.

Er det stor skilnad på å høyre trioen på konsert samanlikna med plate?

– Ja, det vil eg tru. Sjølv om vi jo har ein plan når vi går på scena, og låtane er rimeleg konkrete, så er ein konsert ei uforutsigbar greie, og to konsertar blir aldri like. Det kjem an på energien der og då, og kva vi skaper saman i øyeblikket – ei blanding av planlagd struktur og plutslege innfall.

Korleis vart det deg og trekkspelet, og når/korleis forstod du at dette var noko du kunne satse på?

– Då Stryn Kulturskule starta opp med undervisning var eg åtte år. Det var i grunnen litt tilfeldig at det vart trekkspel. Eg trengde eit instrument, og tante Bjørg på Sørlandet hadde eit trekkspel til overs som eg fekk låne. Vips, så vart det trekkspel. Eg har teke mastergrad i folkemusikk, men er slik anlagt at eg aldri blir heilt sikker på om det eg gjer er bra nok. Ein evig tvil på godt og vondt. Då eg vart tildeelt Statens Kunstnerstipend i fjor, skjønte eg imidlertid at eg kanskje er inne på noko.

Kor høyrer du helst på musikk og kor handlar du musikken din?

– Når eg verkeleg skal lytte set eg på ei plate på min gamle Bang & Olufsen-platespelar. Eg høyrer gjerne same musikken igjen og igjen. Repetisjonen gjer at eg oppdagar nye lag i låtane gong på gong. Musikk handlar eg mest på impuls, når det er noko som verkeleg har fanga meg eller som eg er nysgjerrig på, eller når eg har vore på ein konsert og vil forlengje den gode kjensla frå konserten.

Kva for ei framtid har albumformatet?

– Blom musikal er det herleg å skape noko konkret som ein

kan halde i handa, ikkje berre tonar ute på verdsveven. Sjølv likar eg å legge ekstra flid i coveret, og freistar å få til ein samklang mellom det visuelle, tekstar og musikk. At det blir ei heilskapleg fortelling. Men verdsveven er også god å ha, og er ein døropnar. Ja takk begge deler.

Kva er den neste konserten du skal få med deg?

– Fiddler's Bid frå Shetland spelar på Førdefestivalen til sommaren. Det vil eg ikkje gå glipp av – det er rå kraft og energi av ei anna verd. Skal også snart få med meg «Morgon og kveld», der Benedicte Maurseth har komponert ny musikk til Jon Fosse sitt stykke. Trur det kan bli veldig vakkert.

Kva for ein ny utøvar vil du skryte litt av?

– Svenske Emilia Amper på nøkkelharpe er ein nydeleg musikal. Hennar album «Trollfågeln» er rikt på alle moglege musikalske krydder, og på scena er ho eit reint fyrverkeri. Ein annan musikal/kunstnar som er ny for meg, er Michael Vorfeld. Han hadde ein konsert i Berlin i desember der han spelte på lysesperer. Magisk!

Olav Østrem

olavo@klassekampen.no

Linda Gytri Trio spelar i Florø 25. mars, Sogndal 26. mars og i Oldedalen Grendahus 27. mars.

Musikken er fri: Skurr for den ene er gull for den andre



GJESTESPILL

Anne Hytta

Hardingfelespiller og fast spaltist i Musikkmagasinet

«Ja, den var fin, Anne, men kan du ikke spille noe med melodi?»

Det var min egen hengivne, alltid varmt oppmuntrende bestemor som spurte, og spørsmålet kunne jeg aldri glemme. Jeg satt og spilte slåttene mine, som jeg hadde lært med ører og øyne, og som jeg forsto som de klareste og mest

logiske, opplagte melodier av alt. Det var rart og morsomt å skjønne at en annen opplevde det så annerledes.

Etter hvert har jeg forstått mer og mer at det er flere som brenner inne med spørsmålet min bestemor turte å stille når de hører for eksempel slåttespel. (Det er kanskje ikke helt umulig at en og annen støy-musiker har møtt på liknende spørsmål?) Det som for den ene er lyd av noe kjent og kjær – en melodi, ei stue med en varm atmosfære – er for den andre lyden av noe man ikke kan avkode, et slags auditivt myggstikk av forstyrrende skurr.

Ved å omgås folk med annen musikksmak trenes noen opp til å akseptere, tolerere og etter hvert til og med like musikk man tidligere ikke kunne



KELLEY: Hardingfelenestor – i USA. FOTO: HOAGKELLEYPILZER.COM

tåle. Andre klarer det ikke uansett hvor hardt de prøver.

Av og til hender det at et menneske hører musikk som er ulikt alt annet man noen gang har hørt, og får en opplevelse de bærer med seg resten av livet. Den amerikanske

hardingfelespilleren Loretta Kelley hørte hardingfele i ett tilfeldig opptak, og syntes lyden var helt fantastisk. Da hun fikk notene til slåttene forsto hun ingenting, for det var bare skrevet ut for én felespiller. Kelley hadde hørt lyden av minst en duo.

Jenta fra California begynte på norskstudier og dro til Rauland for felestudier, og skjønte raskt at norske måtte læres på nytt da raulendingene spurte «hev du kaupt deg fele?» Kelley er i dag den store hardingfelenestoren i USA og leder for Hardanger Fiddle Association of America.

Hva mennesker oppfatter og engasjeres av når de hører musikk, kan være så forskjellig at noen ganger lurer man på om man har vært til stede på samme konsert. Der én hø-

rer sure, pistrete toner, hører en annen kraft og engasjement – der én ser en selvopp-tatt musiker vrenge av seg selvforherligende liring, ser en annen en virtuos, selvoppofrende artist.

Har man framført noe med følelsen av å ha klart å formidle selve essensen i musikken, er det klart man kan bli nedslått når noen etterpå spør hvorfor man trampa med begge føttene, og ikke bare med den ene. Men det spørsmål er ikke det å være vel selvopp-tatt. For tankene går fritt hos dem som hører uansett.

Og dermed er musikeren også fri; fri til å slippe musikkens løs for alle tanker og assosiasjoner hos dem som møter lydbølgene man sender ut, og som kanskje spør seg om, det egentlig har en melodi.

musikk@klassekampen.no